



## NYE VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia  
**Dato:** 09.05.2019  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	U
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	MEDL	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Margrete Trovåg	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann/prosjektleder Nye Volda
Joakim Rødven	Kommunikasjonsrådgjevar, møtte i sak PS 28/19

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 24/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 25/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 26/19	<b>Bruken av Smia etter kommunesamanslåinga</b>
PS 27/19	<b>Vedtak om skulekrins i nye Volda kommune - krav om lovlegkontroll</b>
PS 28/19	<b>Grafisk profil - endeleg handsaming</b>
PS 29/19	<b>Profileringstiltak i samband med ny kommune</b>
PS 30/19	<b>Uttale til høyring om regulering av prostigrenser på Sunnmøre</b>
PS 31/19	<b>Orienteringssaker</b>
OS 34/19	<b>ROS-analyse av kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal - revidert mars 2019</b>
OS 35/19	<b>Fiberavtale mellom Volda og Vanylven kommunar</b>
OS 36/19	<b>Nye Volda kommune beheld Hornindal kommune sitt eigarskap i Nordfjordfiberen</b>
OS 37/19	<b>KS Folkevalgtprogram</b>
OS 38/19	<b>Orientering frå temakomiteen for kulturbygging</b>

## **PS 24/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Randi Langlo med ønske om at ved flytting av møter at ein får opplyst forventa tidsrom for møteavviklinga.

#### Sakliste:

I forkant av møtet vart det sendt inn fråsegn frå Odd Harald Sundal (U) der han trekk si underskrift i krav om lovlegkontroll i samband med handsaming av sak PS 27/19.

Etter kommunelova § 59 nr. 1 kan «tre eller fleire medlemmer i kommunestyret» (her: Fellesnemnda) bringe kommunale avgjersler inn for lovlegkontroll. Ettersom kravet ikkje lenger er undertekna av minimum tre medlemmer, vert saka automatisk trekt frå sakslista og vart av den grunn ikkje handsama.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent med dei merknadane som ligg føre.

## **PS 25/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Sakliste frå førre møte vart samrøystes godkjent.

## **PS 26/19 Bruken av Smia etter kommunesamanslåinga**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek bruk av Smia og tenesteyting på Smia i samsvar med forslaget i saksutgreiinga. Ordninga skal evaluerast etter 2 år, pr 31.12.21.**

### **Handsaming:**

Eldar Engelund med følgjande framlegg til alternativt vedtak:

1. *Smia skal vere heildagsopen med mottaksfunksjon for innbyggjarar og publikum måndag, onsdag og fredag.*
2. *Følgjande tenester skal vere tilgjengelege minimum 1 dag for veka og elles etter eiga avtale ved behov:*
  - *Landbrukskontor/ landbrukstenester*
  - *Byggjesakshandsaming*
  - *Kart/oppmåling*
  - *Planavdeling*

*Fast vekedag kan vere den same eller ulik for dei ulike tenestene ut frå kva som er praktisk tenleg. Det er viktig med forutsigbarheit, slik at ein veit når ein kan gjere*

avtalar. Primært bør desse faste dagane samsvare med opningstida til servicekontoret, og at ein utover dette kan gjere eigne avtalar.

3. Det skal stillast til disposisjon avlastningskontor og møterom for heile organisasjonen i nye Volda kommune.
4. Biblioteket og frivilligsentralen held fram med å vere lokalisert på Smia. Opningstida og organisering av bibliotektenesta vert å avklare i samband med den administrative prosessen med organisering av kulturavdelinga.
5. Volda vil gjennom dialog med NAV og Ørsta kommune jobbe for at NAV skal ha tilgjengeleg teneste for innbyggjarar og næringsliv på Smia.
6. Sidan Volda Rådhus har sprengt kapasitet må det av økonomiske grunnar leggest til rette for fleire funksjonar på Smia før en leiger eller kjøper lokale i Volda Sentrum.
7. Dersom det i framtida blir aktuelt med meir interkommunalt samarbeid, t.d. innan Lønn og Rekneskap skal Smia kunne nyttast.
8. Ved ledig kapasitet er det ei målsetting at ein kan leggje til rette for verdiskapande aktivitet på Smia. Nye Volda vil stimulere til at det kan etablerast eit næringsmiljø på Smia der ein kan leie ut lokale til bedrifter som driv i skjeringspunktet landbruk, reiseliv og naturbaserte næringar. Smia utvikling lokalisert til Smia er allereie ein del av dette miljøet.
9. Volda kommune opnar for at lokale lag og organisasjonar får tilgang til kontor, møterom og ev lagerplass på Smia så langt det er kapasitet for det.
10. Tenesteyting og lokalisering knytt til Smia skal evaluerast seinast innan 3 år, pr. 31.12.22.

Brynhild Lund Notøy med framlegg om å endre andre setning i administrasjonens tilråding til: «*Ordninga skal evaluerast seinast innan 3 år, pr. 31.12.22*».

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, sette opp følgjande oppsett for røysing:

1. Fellesnemnda røyster over administrasjonen si tilråding.
2. Fellesnemnda røyster over Engelund sitt framlegg til vedtak opp mot Notøy sitt framlegg til vedtak.

#### **Røysting:**

*Første røysting:*

Administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster og fall.

*Andre røysting:*

Engelund sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster.

Notøy sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster og fall.

#### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 09.05.2019**

1. ***Smia skal vere heildagsopen med mottaksfunksjon for innbyggjarar og publikum måndag, onsdag og fredag.***
2. ***Følgjande tenester skal vere tilgjengelege minimum 1 dag for veka og elles etter eiga avtale ved behov:***
  - ***Landbrukskontor/ landbrukstenester***
  - ***Byggjesakshandsaming***
  - ***Kart/oppmåling***
  - ***Planavdeling***

***Fast vekedag kan vere den same eller ulik for dei ulike tenestene ut frå kva som er***

*praktisk tenleg. Det er viktig med forutsigbarheit, slik at ein veit når ein kan gjere avtalar. Primært bør desse faste dagane samsvare med opningstida til servicekontoret, og at ein utover dette kan gjere egne avtalar.*

3. *Det skal stillast til disposisjon avlastningskontor og møterom for heile organisasjonen i nye Volda kommune.*
4. *Biblioteket og frivilligsentralen held fram med å vere lokalisert på Smia. Opningstida og organisering av bibliotektenesta vert å avklare i samband med den administrative prosessen med organisering av kulturavdelinga.*
5. *Volda vil gjennom dialog med NAV og Ørsta kommune jobbe for at NAV skal ha tilgjengeleg teneste for innbyggjarar og næringsliv på Smia.*
6. *Sidan Volda Rådhus har sprengt kapasitet må det av økonomiske grunnar leggest til rette for fleire funksjonar på Smia før en leiger eller kjøper lokale i Volda Sentrum.*
7. *Dersom det i framtida blir aktuelt med meir interkommunalt samarbeid, t.d. innan Lønn og Rekneskap skal Smia kunne nyttast.*
8. *Ved ledig kapasitet er det ei målsetting at ein kan leggje til rette for verdiskapande aktivitet på Smia. Nye Volda vil stimulere til at det kan etablerast eit næringsmiljø på Smia der ein kan leie ut lokale til bedrifter som driv i skjeringspunktet landbruk, reiseliv og naturbaserte næringar. Smia utvikling lokalisert til Smia er allereie ein del av dette miljøet.*
9. *Volda kommune opnar for at lokale lag og organisasjonar får tilgang til kontor, møterom og ev lagerplass på Smia så langt det er kapasitet for det.*
10. *Tenesteyting og lokalisering knytt til Smia skal evaluerast seinast innan 3 år, pr. 31.12.22.*

## **PS 27/19 Vedtak om skulekrins i nye Volda kommune - krav om lovlegkontroll**

Saka vart trekt frå sakslita, jf. sak PS 24/19.

## **PS 28/19 Grafisk profil - endeleg handsaming**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek grafisk profilhandbok for nye Volda kommune. Profilhandboka vert gjeldande frå 01.01.2020, men vert også oppmoda om å nyttast i samanslåingsprosjektet og i aktuelle promoteringstiltak fram til ny kommune vert etablert.**

### **Handsaming:**

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven møtte for Fellesnemnda for å orientere om den endelege profilmanualen.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 09.05.2019**

Fellesnemnda vedtek grafisk profilhandbok for nye Volda kommune. Profilhandboka vert gjeldande frå 01.01.2020, men vert også oppmoda om å nyttast i samanslåingsprosjektet og

i aktuelle promoteringstiltak fram til ny kommune vert etablert.

### **PS 29/19 Profileringsiltak i samband med ny kommune**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

**Attverande budsjettmidlar frå anskaffing av grafisk profil vert omdisponert til innkjøp av profileringsiltak av nye Volda kommune.**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 09.05.2019**

Attverande budsjettmidlar frå anskaffing av grafisk profil vert omdisponert til innkjøp av profileringsiltak av nye Volda kommune.

### **PS 30/19 Uttale til høyring om regulering av prostigrenser på Sunnmøre**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vil rå til at det vert to prosti på Sunnmøre: Søre Sunnmøre prosti og Nordre Sunnmøre prosti.**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 09.05.2019**

Fellesnemnda vil rå til at det vert to prosti på Sunnmøre: Søre Sunnmøre prosti og Nordre Sunnmøre prosti.

### **PS 31/19 Orienteringssaker**

**OS 34/19 ROS-analyse av kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal - revidert mars 2019**

Orienteringssaka vart utsett til neste møte 18. juni.

**OS 35/19 Fiberavtale mellom Volda og Vanylven kommunar**

Fellesnemnda tok saka til vitende.

**OS 36/19 Nye Volda kommune beheld Hornindal kommune sitt eigarskap i Nordfjordfiberen**

Fellesnemnda tok saka til vitende.

**OS 37/19 KS Folkevalgtprogram**

Medlemene i Fellesnemnda avklarar med ordføraren i si kommune om ein skal bestille KS Folkevalgtprogram, som eventuelt vert å bestille innan fristen 20. mai.

**OS 38/19 Orientering frå temakomiteen for kulturbygging**

Leiar i Temakomiteen for kulturbygging, Odd Harald Sundal, orienterte Fellesnemnda om at det til helga vert avduking av venebenkprosjektet. Avdukinga skjer i høvesvis Hornindal fredag 10. mai og Volda laurdag 11. mai.

Den 7. juni vert det også arrangert eit ungdomsarrangement for aldersgruppa 13-18 år på Rokken i Volda. Dette vil verte ein konsert med kjende artistar.

Komiteen får framleis inn søknadar på kulturelle tiltak, og det kjem no inn fleire gode og målretta søknadar. Sundal presiserte likevel at det er framleis plass til fleire søknadar for dei som skulle ønskje å arrangere kulturbyggande tiltak på tvers av kommunegrensa.

**Møtet slutt 14:25**

*Rett kopi*

*Joakim Rødven  
Sekretær*

*Volda 10.05.2019*